



Ende grad selvforsynt med mat, sier Miljøpartiet De Grønne i Hamar og Hedmark. La bonden selv få redusere, mener MDG.

FOTO: HILDE BERIT EVENSEN

Bonden fri!

Norge, er vi avhengig av et aktivt jordbruk over hele landet.

Den siste rapporten fra FNs klimapanel slår fast at verdens matproduksjon rammes hardt av klimaendringene.

I et land som Norge, hvor matproduksjonen ikke rammes like hardt, synker paradoksalt nok sjølforsyningsgraden. Den totale sjølforsyningsgraden er nå nede i 43 prosent, og vi er fullstendig avhengig av importerte råvarer til kraftfôr. Uten soya fra Brasil, stopper norsk jordbruk.

Enorm vekst i kjøpekraft hos nordmenn flest har ikke kommet bonden til gode. Lave priser på jordbruksvarer, spesielt på kjøtt, er hovedproblemet.

Kjøtt er den varegruppa som har hatt

lavest prisutvikling med bare 4 prosent prisvekst fra 1998 til 2011, mens konsumprisindeksen har økt med 34 prosent.

Til tross for en enorm produktivitetsøkning i jordbruket, sliter mange bønder med å få endene til å møtes.

Norsk kjøttproduksjon må derfor heller styres over på husdyrslag som utnytter grovfôr- og beitearealene best.

Miljøpartiet De Grønne vil styrke tollvernet slik at bonden får bedre betalt for varene sine. I tillegg må støtteordninger målrettes for å øke sjølforsyningen og redusere utslippene.

Da er det bonden sjøl og de geografiske forutsetningene som avgjør hvor stor driften skal være. Det er å slippe bonden fri.

vårt. Jeg har en sterk forventning til at Kristelig folkeparti og Venstre nå slutter seg til de andre opposisjonspartiene på Stortinget, slik at man får stoppet den dramatiske omleggingen som regjeringen nå varsler i sitt tilbud til bøndene i årets forhandlinger.

Språkleg svømmekurs

Jens Haugan

Språkets vegar kan verke merkelege og uforståeleg nokre gonger. Eit tema som opptek folk, er då til dømes språknormering, som nokon meiner kan vere merkeleg eller uforståeleg.

Det finst dei som likar å

irritere seg over eller også vitse med valfridommen i skriftspråkspråka våre, spesielt når noko kan sjå ut til å vere bestemt heilt vilkårlig.

Eitt slikt «uforståeleg» døme er sideformene «symje» og «svømme» i nynorsk. Den siste forma kom inn i nynorsken i 2012. No kan ein sikkert diskutere korfor «svømme» ikkje var tillaten som skriftform før, når dei fleste dialektene i dag kanskje har denne varianten, men det er ein annan diskusjon.

Autokorrekturen i tekstprogrammet eg bruker, rettar forresten framleis frå «svømme» til «symje».

Det som er interessant, er at den tradisjonelle forma «symje» er eit såkalla jamvektsord. Det tyder at ein kan ha a-ending på dette ordet dersom

ein bruker kløyvd infinitiv. Det ville altså kunne vere ein forskjell mellom «symja» med -a og «plaske» med -e. Det siste ordet er eit såkalla overvektsord, som ikkje ville kunne ha a-ending i infinitiv, med mindre ein snakka/skreiv a-mål der alle infinitivane enda på -a.

Då «svømme» kom inn i nynorskrettskrivinga i 2012, blei dette ordet ikkje normert som eit jamvektsord. Nokre vakne språkbrukarar meinte då straks at dette verka svært underleg, og at «normeringsfolka» kanskje brukte terning for å bestemme valfrie former. Men som regel har jo folk som er sett til å ta avgjerder, kompetanse på det dei arbeider med.

Så det finst faktisk ei god forklaring på korfor «symje» er eit jamvektsord, mens «svømme» altså ikkje er det.

Det fanst allereie to «sideformer» i gammalnorsk: «symja» og «svim (m) a». Med to m-ar får den siste varianten såkalla overvekt etter kvantitetsomlegginga (kort vokal + lang/dobbel konsonant), mens den andre varianten («symja») hadde kort staving (kort vokal + kort/enkel konsonant). J-en fungerte ikkje som eit vektelemt i stavinga.

Det er altså ein meir eller mindre matematisk grunn (vektfordeling i stavingane) som førde til at «symja» blei til eit såkalla jamvektsverb, mens «svimma» (svømme) blei til eit overvektsverb, som då kunne få ulike endingar i nyare norske dialekter. I dialekter med kløyvd infinitiv vil ein derfor kunne skilje mellom formene «symja» med -a og «svømme» med -e.

Nokon vil meine at det er ein type molbu-språknormering når to ord som tyder det same, får ulike reglar i skriftspråket. Men «ete» og «spise» kan òg tyde meir eller mindre det same i mange dialekter. Likevel er «ete» eit jamvektsord, mens «spise» er eit overvektsord. Så då kan ein eta når ein vil spise og symja når ein vil svømme.

Det kan verke merkeleg og uforståeleg, men det er først og fremst interessant for dei som vel å bruke kløyvd infinitiv i skrift. Dei fleste andre har jo fått eit «svømmekurs» i den lokale dialekta sidan dei blei fødde, og har dei eit jamvektsmål, kan dei gjera, vera, leva - og tala slik det er naturleg for dei.